

Revisjon Aurlandsvassdraget.

Under befaringen i heile Aurlandsvassdraget i august kom det fram nyttige tankar og informasjon som gjer det naudsynt å utfylle innspelet frå elveigerlaget.

Dette er ein prioritert miljørevisjon med eit klart mål om å utbedre negative følgjer av ei omfattande kraftutbygging. Regulant må påregne noko krafttap.

Utbygginga førte til eit kaldare vassdrag. Laksen fekk store vanskar med å tilpasse seg endå kaldare vatn i vekstfasen. Sjølv om ein set ut store mengder rogn årleg tyder mykje på at laksen i liten grad utvikler seg til smålt.

Registrering av småltutvandring som startes neste år vil gi oss eit godt bilde av miljøtilstanden i vassdraget.

Både laks og sjøaure veks seinare slik temperaturløva er.

Det er berre vassbygdelva som har naturleg temperatur.

Å gjennomføre tiltak som kan gi høgare temperatur i vekstfasen er heilt avgjerande for å få vassdraget til å fungere. Temperatur er avgjerande for fluer, larver og alt som lever i vassdraget.

Topptapping i Vidalsmagasinet og kjøring av vatn som gir tempratursjiking i Vassbygdvatnet må utredast meir.

Vassbygdelva

Vi ba om minimum 2m³ i dei periodane det ikkje renn så mykje vatn. Nokre måneder vinterstid. Deler av dette vatnet bør komme frå Vettlebotn. Då vil ein få ei gjennomstrøyming i Aurdalsvatnet. Dette kan vere positivt for å stoppe gjenngroing

Resten av vannføringen sleppes lenger nede i dalføret.

Det er anadrom strekning opp mot Almen.

Med nokre enkle tiltak i Sitjandefossen vil dette området opp mot Almen kunne nyttast av ein større del laks og sjøaure.

Løelva og kalla Midjeelva

Viser det seg å vere uråd å sikre minstevassføring i heile elva må ein sjå på alternativ.

Det kan føres vatn frå vassbygdelva til bru over hovedvegen. Då kan ein sikre vatn i nedre del av Løelva noko som opplagt er eit viktig tiltak.

Vatn som var tenkt slept i Løelva flyttes til Vassbygdelva, ca 400l. Med 2.4m³ minstevassføring i Vassbygdelva kan ein sikre vatn i ei rekke sideløp i dette delta rådet. Tyvesja og mulig andre sideløp vil samla vere av stor betydning. Kostnaden relativt liten og tiltaket vil opplagt gi resultater.

Klappluke utløp Vassbygdvatnet.

Denne må som eit minimum vere nede frå 1april til desember. Dette sikrer at laks og sjøaure kan vandre fritt i heile gyteperioden som varer til desember.

Ål blir og sikra å gå fritt.

Osen som var det viktigaste gyteområdet kan restaurerast og komme i produksjon som det beste gyteområdet.

Ei fjerning av luka vil sjølvsagt vere det beste.

Det er ei kjent sak at klimaendringar fører til auka nedbør.

Det vil vere heilt urimelig om ikkje eit samla økosystem i heile vassdraget skal få sin del av denne auken.

Meir vatn i Vassbygdelva med tiltak, auka temperatur i vassdraget og fjerning event endring luke Vassbygdvatnet er sentrale tiltak som kan redde vassdraget til neste revisjon.

Bjørn Vike

Aurland elveigarlag